



Advokatpartner ANS  
Postboks 2026, Nordnes  
5817 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3945 - 15/7913

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
21.04.2015

## GBNR 24/24 - Krav om stenging av Max Fitness AS - Avvist

Meland kommune viser til krav om opphør av bruk av lokalar til treningscenter i kombinert forretnings- og bustadbygg på gbnr 24/24 i Meland kommune. Kravet vart fremma av advokat Jan Rasmussen på vegne av nokre av bebruarane i bygget ved brev dagsett 3.3.2015 (her: bebruarane), og seinare supplert ved skriv dagsett høvesvis 24.3.2015 og 8.4.2015.

NH Treningspartner AS, representert ved advokat Hilde Lone, har teke til motmæle mot kravet ved skriv dagsett 18.3.2015 (her: tiltakshavar), og seinare supplert ved skriv dagsett høvesvis 31.3.2015 og 10.4.2015.

I korte trekk har bebruarane gjort gjeldande at Meland kommune må treffe vedtak om å stenge treningscenteret heilt inntil søknad om bruksendring er motteke og eventuelt godkjent. Dette på bakgrunn av resultat av støymålingar gjennomført av Cowi AS. Treningscenteret har for sin del gjort gjeldande at det ikkje er grunnlag for å ta kravet til følge fordi støymålingane Cowi har gjort ikkje er representative for støynivået frå treningscenteret, og fordi bebruarane (Moldekleiv) ikkje har samarbeida om å få gjennomført relevant støymålingar frå Sweco AS.

Status i saka er at Meland kommune ved søknad journalført 20.4.2015 har motteke søknad om bruksendring frå daglegvarehandel til treningscenter av dei aktuelle lokala, jf pbl § 20-1- bokstav d, jf bokstav a. Denne søknaden vil no verte handsama på vanleg måte i samsvar med plan- og bygningslova og forvaltningslova.

Kommunen finn ikkje grunnlag for å treffe vedtak om å stenge drifta av treningscenteret heilt med heimel i pbl § 32-4. Formelt førehandsvarsel har ikkje vore sendt ut i saka, og administrasjonen ser p.t. ikkje grunnlag for å starte ytterlegare ulovlegheitsoppfølging i saka etter pbl kap 32. Dette på bakgrunn av at verksemda ikkje er i strid med arealføremålet og at tiltakshavar har vore i ein prosess med å få sendt inn søknad. Søknad om bruksendring er no motteke og kommunen meiner at heimelen i pbl § 32-4 ikkje kan nyttast til å treffe ytterlegare pålegg om stenging ut over det som går fram av vedtaket av 1.12.2014, som vart stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland 11.3.2015.

Kravet om stenging av lokala framsett i skriv av 3.3.2015 vert etter dette ikkje teken til følgje.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Advokatpartner ANS	Postboks 2026, Nordnes	5817	BERGEN
Kluge Advokatfirma	Postboks 394 Sentrum	5805	BERGEN